

Forskrift om påslepp av olje-, feitthaldig og industrielt avløpsvatn til offentlig avløpsnett, Sula kommune, Møre og Romsdal

Heimel: Fastsett av Sula kommunestyre *dato* med heimel i forskrift 1. juni 2004 nr. 931 om begrensning av forurensning (forurensningsforskriften) § 15A-4, jf. lov 13. mars 1981 nr. 6 om vern mot forurensninger og om avfall (forurensningsloven), jf. lov 6. juni 2025 nr. 26 om kommunale vass- og avløpsanlegg (vass- og avløpsanleggslova).

1. Forskrifta sitt formål, grunnlag og verkeområde

§ 1-1. Formål

Formålet er å separere olje, fett og industrielt utslepp frå avløpsvatn slik at dette ikkje skaper problem på leidningsnett, pumpestasjonar og reinseanlegg, og samstundes ivareta personell. Forskrifta er utarbeidd for å sikre ei einsarta saksbehandling og for å setje tydelege krav til påslepp til kommunalt avløpsnett.

§ 1-2. Teknisk grunnlag

Tekniske krav i denne forskrifta, dersom ikkje anna er spesifisert, er basert på:

- NS-EN 858–1 og 2
- NS-EN 1825–1 og 2

Dessutan byggjer forskrifta på:

- NORVAR prosjektrapport nr. 65/1996 «Forslag til veileder for fettavskillere til kommunalt avløpsnett».
- NORVAR prosjektrapport nr. 149/ 2006 «Tilførsel av industrielt avløpsvann til kommunalt nett – Veiledning».
- NORVAR prosjektrapport nr. 156/2007 «Veiledning for oljeutskilleranlegg».
- Tekniske bestemmelser – Standard abonnementsvilkår for vann og avløp (Kommuneforlaget)
- VA/Miljøblad nr. 121 Fettutskilleranlegg
- VA-Miljøblad 120 for olje- og bensinutskilleranlegg
- VA-Norm for Sula kommune
- Vannstandard for Sula kommune

§ 1-3. Definisjonar

- a. *Avløpsvatn*: både sanitært og industrielt avløpsvatn og overvatn. Med avløpsvatn frå verksemd meinast alt avløpsvatn frå bygningar og anlegg som blir nytta i handel, industri og transport, medrekna vegar, og anna verksemd, unntatt avløpsvatn frå hushaldningar.

- b. *Sanitært avløpsvatn*: avløpsvatn som i hovudsak skriv seg frå mennesket sitt stoffskifte og frå hushaldningsaktivitetar, medrekna avløpsvatn frå vassklosett, kjøkken, bad, vaskerom eller liknande.
- c. *Industrielt avløpsvatn*: avløpsvatn frå verksemd som har vore nytta til industrielle formål. Det industrielle avløpsvatnet kan innehalde partikulært eller oppløyst stoff (prosessvatn) eller vere oppvarma (kjølevatn).
- d. *Oljehaldig avløpsvatn*: avløpsvatn som inneheld motorolje, smørjefeitt, parafin, white-spirit, bensin og liknande. I dette ligg òg spillvatn frå vask og avfetting av køyretøy, motorvask og liknande.
- e. *Feitthaldig avløpsvatn*: avløpsvatn som inneheld vegetabilsk og animalsk feitt.
- f. *Frityefeitt*: feitt som blir brukt til å fritere mat.
- g. *Påслеpp*: tilførsel av avløpsvatn til offentleg avløpsnett oppstrams eit kommunalt reinseanlegg.
- h. *Godkjenning av påслеpp*: godkjenning av tilførsel av avløpsvatn med krav til drift og rapportering i form av eit enkeltvedtak.
- i. *Heimelshavar*: eigar/festar av eigedom som står med grunnboksheimel til eigedomen.
- j. *Verksemd*: føretak (forureinar) som fører industrielt, oljehaldig eller feitthaldig avløpsvatn til kommunalt leidningsnett.

§ 1-4. Verkeområde

Denne forskrifta gjeld for verksemder som har påслеpp der innhald og mengde kan påverke kommunalt avløpsnett eller drifta av dette negativt.

Forskrifta gjeld òg verksemder som har utskiljar eller reinseanlegg tilkopla kommunalt avløpsnett. Utskiljarar og reinseanlegg som ikkje er i drift krev ikkje godkjenning, men er likevel omfatta av føresegnar i denne forskrifta § 3-9-1, § 3-9-2 og § 3-11.

Forskrifta gjeld ikkje verksemder som fell inn under forureiningsforskrifta kapittel 15, har utslepp direkte til resipient, eller som fell inn under forureiningsforskrifta § 15A-5 og § 15A-6.

§ 1-4-1. Oljehaldig avløpsvatn

Føresegnene i denne forskrifta gjeld for verksemder som har:

- påслеpp av oljehaldig avløpsvatn som kan overstige 50 mg/l til kommunalt avløpsnett, eller har
- vaskehall eller vaskeplass for køyretøy eller mekanisk utstyr som ikkje fell inn under forureiningsforskrifta § 15-1.

§ 1-4-2. Feitthaldig avløpsvatn

Føresegnene i denne forskrifta gjeld for verksemder med påслеpp av feitthaldig avløpsvatn, til dømes:

- Restaurantar
- Kafear og konditori
- Catering- og ferdigmatprodusentar
- Gatekjøkken og kioskar
- Hamburgerbarar
- Kantine
- Slakteri
- Margarin- og matoljeindustri
- Kjøtt- og fiskeforedlingsbedrifter
- Hermetikkindustri
- Bakeri
- Meieri
- Friteringsindustri
- Røykeri
- Matbutikkar med steike- og/eller grillavdelingar

Verksemder som ikkje er nemnde her, men som har påslepp av feitthaldig avløpsvatn som kan overstige 50 mg/l, er også omfatta av denne forskrifta.

§ 1-4-3. Avløpsvatn med atypisk innhald

Bestemmelsane i denne forskrifta gjeld for alle verksemder med påslepp av avløpsvatn som har, eller kan ha, konsentrasjonar over verdiane som er oppgjevne i § 3-3.

2. Generelle føresegner

§ 2-1. Krav om godkjenning

Ingen verksemd kan setje i verk påslepp med konsentrasjonar over verdiane som er oppgitt i § 3-3, eller der det er fare for at verdiane blir overskridne, utan at dette er søkt om og godkjent i medhald av denne forskrifta.

Vesentlege endringar i påsleppet si mengde eller innhald krev søknad og godkjenning.

§ 2-2. Krav om godkjenning for eksisterande verksemd

Eksisterande verksemder som fell inn under verkeområdet i § 1-4 med vidare, og som ikkje allereie har fått godkjenning av påslepp etter forureiningsforskrifta kapittel 15A, må søke om godkjenning.

Dei same verksemdene er omfatta av krava i kapittel 3 i denne forskrifta, særleg når det gjeld innhaldet i avløpsvatnet (§ 3-3), tømning (§ 3-8-3), prøvetaking (§ 3-7) og rapportering (§ 3-8-4) frå det tidspunktet denne forskrifta er vedteken.

§ 2-3. Ansvarleg for olje-, feittutskiljerar og påslepp av industrielt avløpsvatn

Godkjenning av påslepp blir søkt om av, og gitt til, verksemda som har påslepp av avløpsvatn. Godkjenninga gjeld berre for denne verksemda og berre på den aktuelle eigedommen. Det er verksemda som står ansvarleg ovanfor kommunen for at vilkåra i godkjenninga blir haldne.

Den som har eller søker om godkjenning, er sjølv ansvarleg for å informere heimelshavar.

§ 2-4. Søknad om godkjenning av påslepp

Det skal søkjast kommunen om godkjenning av påslepp til kommunalt avløpsnett. Ved etablering av nye påslepp eller vesentleg auke eller endring av eksisterande påslepp av oljehaldig, feittaldig eller anna industrielt avløpsvatn, skal den ansvarlege sende inn ein skriftleg og fullstendig søknad som inneheld dei nødvendige opplysningane for kommunen si behandling.

Søknaden skal innehalde informasjon om samansetjing og mengde av avløpsvatnet, type produksjon ved verksemda, informasjon om utskiljing eller reinseanlegg, teikningar, kart over verksemda med påteikna vatn- og avløpsinstallasjonar på eigedomen, tilknytingspunkt til offentleg nett og plassering av utskiljings- og reinseutstyr.

Kommunens søknadsskjema skal brukast.

§ 2-5. Behandling av søknad

Fullstendig søknad i samsvar med påsleppskrava i § 3-1 til § 3-6 skal avgjerast av kommunen innan seks veker. Dette gjeld òg søknader som inneheld dispensasjon frå krav til samansetjinga av avløpsvatnet, jf. grenseverdiane i § 3-3.

Kommunen kan under behandlinga av søknaden fastsetje krav som avvik frå grenseverdiane i § 3-3, fastsetje krav til påsleppsstad eller nekte etablering av påslepp. Når kommunen vurderer om andre krav skal fastsetjast, skal det leggjast vekt på forureiningsmessig ulempe og risiko ved tiltaket.

Kommunen kan samordne behandlinga av søknad om godkjenning av påslepp med byggesakshandsaming etter plan- og bygningslova.

Er arbeidet ikkje sett i gang seinast tre år etter at det er gitt godkjenning til påslepp, eller blir arbeidet innstilt i lengre tid enn to år, fell retten til å etablere påsleppet bort.

§ 2-6. Nedlegging

Når ei verksemd ikkje lenger brukar ein utskiljar eller eit reinseanlegg, og det ikkje vil vere behov for dette i nær framtid, skal utskiljaren eller reinseanlegget tømmast og reingjerast, og melding skal sendast til kommunen saman med tømmer rapport.

Dersom verksemda blir nedlagt eller stoppa, skal kommunen få melding seinast ein månad før. Ved konkurs skal kommunen varslast særskilt, med det same etter at konkursen er kjent.

Kommunen kan krevje at utstyr blir koplå ut eller fjerna, og at sluk, kummar og renner blir blenda.

§ 2-7. Eigarskifte

Dersom verksemda blir overført til ny eigar, og dette medfører endring i organisasjonsnummer, skal det søkjast om ny godkjenning av påslepp.

§ 2-8. Tvangsmulkt / forureiningsgebyr

For å sikre at vilkåra i godkjenninga blir gjennomførte, kan kommunen med heimel i forureiningslova § 73, jf. forureiningsforskrifta § 41-6, fastsetje tvangsmulkt til staten.

§ 2-9. Klageadgang

Enkeltvedtak i medhald av denne forskrifta kan påklagast. Bestemmelsane i forvaltningslova kapittel VI gjeld.

3. Krav til olje-, feittutskiljarar og påslepp av industrielt avløpsvatn

§ 3-1. Dimensjonering og utføring

Det er verksemda som har ansvar for at reinseanlegg, olje- eller feittutskiljar med tilhøyrande slamavskiljar, sandfang med meir, er dimensjonerte i forhold til den belastninga som reelt kan tenkast å oppstå, og har ei utføring som sikrar at reinsekrava i denne forskrifta blir oppfylte. Sanitært avløpsvatn skal ikkje førast via utskiljarar.

Alle anleggskomponentar skal ha enkel tilkomst for tømning, inspeksjon, prøvetaking og vedlikehald.

§ 3-2. Forholdet til utsløppskrav gitt av andre styresmakter

For verksemder som har egne løyve frå Statsforvaltaren eller Miljødirektoratet (tidlegare SFT og Klif), skal kommunen sine krav så langt som mogleg samordnast med desse krava.

§ 3-3. Krav til avløpsvatnets tilstand

Avløpsvatn som blir ført til kommunalt nett frå verksemder (unnateke påslepp som i § 15A-5 og § 15A-6) skal ikkje overskride dei følgjande krava:

Parameter	Grenseverdi
Temperatur feittutskiljarar	< 30 °C
Temperatur oljeutskiljarar og andre industripåslepp	< 45 °C
pH	6,0 – 9,0
Bly (Pb)	< 50 µg/fl
Kadmium (Cd)	< 5 µg/l
Krom (Cr)	< 50 µg/l
Kvikksølv (Hg)	< 2 µg/l
Nikkel (Ni)	< 50 µg/l
Kopar (Cu)	< 200 µg/l
Sink (Zn)	< 500 µg/l
Feitt	< 50 mg/l
Mineralsk olje*	< 20 mg/l / 50 mg/l
Nitrifikasjonshemming	< 50 %
Organisk stoff, KOF	< 600 mg/l
Organisk stoff, BOF5	< 300 mg/l
Suspendert stoff (sedimenterbart materiale)	< 400 mg/l
Klorid (Cl ⁻)	< 1000 mg/l
Sulfat, (SO ₄ ²⁻)	< 500 mg/l
Total fosfor (Tot P)	< 10 mg/l
Total nitrogen (Tot N)	< 60 mg/l

* 20 mg/l gjeld ved etablering av nytt eller auke av eksisterande påslepp. 50 mg/l gjeld for eksisterande anlegg. Verksemder som ikkje klarer å oppfylle kravet på 20 mg/l skal gå i dialog med kommunen. Frist for oppgradering av eldre utskiljarar med mål om å nå kravet for nye anlegg, blir fastsett etter avtale.

Det kan òg setjast krav til andre stoff i avløpsvatnet for å sikre at:

1. det kommunale avløpsanlegget kan overhalde utsløppskrava,
2. avløpsanlegget og tilhøyrande utstyr ikkje blir skada,
3. drifta av avløpsanlegget med tilhøyrande slambehandling ikkje blir vanskeleggjort,
4. avløpslammet kan disponerast på ein forsvarleg og miljømessig akseptabel måte, eller

5. helse til personell som arbeider med avløpsnett og på kommunalt reinseanlegg blir verna.

§ 3-4. Krav til bruk av vaske- og avfettingskjemikaliar

Nokre vaske- og avfettingskjemikaliar kan redusere reinsefunksjonen til olje- eller feittutskiljarar. Kommunen forventar at verksemda går i dialog med kjemikalieleverandørar og eventuell annan fagkompetanse for å optimalisere bruken av kjemikaliar med tanke på lågare olje- og feittutslepp.

§ 3-5. Forbehandling

Det er viktig med gode rutinar i verksemda for å redusere mengda av sedimenterbart materiale i avløpet og for å redusere tilførselen av stoff som kan løyse opp feitt og olje i utskiljaren.

Fjerning av grovare partiklar skal gjerast ved innløpsrist før utskiljaren. Større konsentrerte feittmengder, som for eksempel frityrfeitt, må ikkje tilførast feittutskiljarar.

Oljehaldig avløpsvatn skal før utslepp passere sandfang eller liknande reinseinnretning dimensjonert for maksimal reell vassbelastning.

Alkalisk reagerande olje- og feitthaldig avløpsvatn må nøytralisert før det blir leia til utskiljaren.

Farleg avfall og stoffblandingar med lite vassinnhald skal leverast til godkjent mottak (jf. avfallsforskrifta, særleg kapittel 11) og skal ikkje tilførast kommunalt avløpsanlegg, sjølv om det går gjennom utskiljar eller anna reinseanlegg.

§ 3-6. Prøvetakingskum

Det skal vere tilrettelagt for å ta representative prøver og utføre målingar av avløpsvatnet. I eksisterande anlegg utan prøvetakingsmoglegheit skal det installerast prøvetakingskum direkte nedstraums reinseanlegg eller utskiljar. Kummen skal plasserast før tilknytning til kommunalt avløpsnett og før samanslutning med andre stikkeidningar.

Kummen skal vere tilgjengeleg til ei kvar tid.

§ 3-7. Krav om prøvetaking og analysar

Den ansvarlege for oljeutskiljar, feittutskiljar og påslepp av industrielt avløpsvatn skal sjå til at representative målingar blir tatt av personell frå eksternt føretak med akkreditert kompetanse. Prøvetaking og konservering av prøver skal utførast i samsvar med gjeldande standardar. Vassanalyser skal utførast av akkreditert laboratorium.

- Oljeutskiljarar: Minimum to prøver per år, dvs. sommar og vinter.

- Feittutskilarar: Måling av temperatur minst éin gong per ár. Eventuell vidare prøvetaking blir spesifisert i godkjenninga av påslepp.
- Anna industripåslepp: Det skal takast minimum ei prøve per ár frå prøvetakingskummen før påslepp til kommunalt nett.

Talet på prøver og kva parameterar som skal analyserast, blir skildra i godkjenninga og er basert på verksemda si produksjon. For større verksemdar eller utskiljarar med høg belastning eller omfattande kjemikaliebruk kan kommunen krevje fleire prøver.

Dersom analyseverdiane over tid viser låge og stabile verdiar, og vaske- og avfettingsprosessane eller bruken av kjemikalier er uendra, kan verksemda søke kommunen om redusert prøvetakingshyppigheit.

§ 3-8. Krav om drift, vedlikehald og dokumentasjon

§ 3-8-1. Drift og vedlikehald

Verksemda skal drifte og vedlikehalde utskiljarar og reinseanlegg slik at påsleppet av avløpsvatn er i samsvar med gjeldande krav i denne forskrifta og krav satt i godkjenninga av påslepp til ei kvar tid

§ 3-8-2. Driftskontroll og service/kontroll

For å sikre stabil drift av utskiljar eller reinseanlegg bør verksemda engasjere eit føretak med nødvendig kompetanse til å stå for kontroll.

Opplysningar om dato for kvar kontroll og kven som gjennomførte kontrollen, skal førast inn i driftsjournalen for anlegget.

§ 3-8-3. Tømming

Regelmessig tømming og reingjering er av avgjerande betydning for effekten av oljeutskiljarar, feittutskiljarar og andre reinseanlegg. Hyppigheit for tømming og reingjering skal spesifiserast i godkjenninga. Det kan søkjast om redusert tømmeffrekvens dersom akkumulert mengde feitt og olje er låg over tid.

Verksemda skal inngå fast tømmeavtale med eit tømmefirma for regelmessig tømming tilpassa behovet. Det skal til ei kvar tid liggje føre gyldig tømmeavtale. Kommunen kan gi pålegg om endring av tømmeffrekvens ved behov.

Opplysningar om dato for kvar tømming og kven som utførte tømninga, skal førast inn i driftsjournalen for anlegget.

§ 3-8-4. Dokumentasjon

Verksemda er ansvarleg for at følgjande dokumentasjon blir sendt til kommunen fortløpande og seinast innan 14 dagar etter at rapporten ligg føre:

- Tømmerapportar for olje- og feittutskiljarar, inkludert alle einingar i utskiljaren (sandfang, utskiljarkammer og filter)
- Kontroll-/servicerapport for heile utskiljaren
- Analyserapportar for prøver av avløpsvatn
- Dokumentasjon på kvar dei utskilde massane blei levert

Kommunen kan krevje at verksemda sender inn årsmelding med eiga vurdering av påsleppet, eventuelt med forslag til reduksjon av påsleppet eller endring i kjemikaliebruk.

Kommunens rapporteringsskjema skal brukast.

Ovanfor nemnde dokumentasjon skal vere tilgjengeleg hos verksemda.

§ 3-9. Beredskap mot akutt forureining og høge påslepp

§ 3-9-1. Førebygging av akutte påslepp og beredskapsplikt

Verksemda pliktar å gjennomføre førebyggjande tiltak for å unngå, eller redusere risikoen for, akutt påslepp både til avløpsnett og til overvassnett.

Beredskapen skal stå i rimeleg forhold til sannsynet for akutte og skadelege påslepp til avløpsnett, og til omfanget av dei skadane og ulempene som kan oppstå. Beredskapsrutinane skal inngå i verksemda sitt internkontrollsystem for helse, miljø og tryggleik og skal dokumenterast.

§ 3-9-2. Varslingsplikt

Dersom det skulle oppstå akutte påslepp til kommunen sitt avløpsanlegg, skal kommunen varslast straks. Det skal givast opplysningar om kva som er sleppt på, tidspunkt for påsleppet, kvar dette har skjedd, og om påsleppet er stansa.

Verksemda vil vere økonomisk ansvarleg for konsekvensane av akutte påslepp.

Avvik som kan skade eller påverke kommunens avløpsanlegg skal varslast til kommunen med det same.

§ 3-10. Tilsyn

Kommunen er tilsynsmynde og fører tilsyn med at krava blir overhaldne. Kommunen kan krevje gebyr for tilsyn. Tilsynsgebyret blir fastsett i kommunens gebyrregulativ og blir kravd inn

årleg. Gebyret skal setjast slik at det samla ikkje overstig forureiningsstyresmakta sine kostnader ved saksbehandling eller kontrollordningar, jf. forureiningslova § 52a.

§ 3-11. Internkontrollsystem – oppfølging av avvik

Det blir føresett at verksemda har rutinar for oppfølging av høge analyseverdiar eller andre vesentlege avvik med det same for å sikre utsleppskontroll.

4. Ikraftsetjing

§ 4-1. Ikraftsetjing

Forskrifta trer i kraft frå kunngjering.

Frå same tidspunkt blir *Forskrift om påslepp av feitthaldig avløpsvatn til offentleg avløpsnett, Sula kommune, Møre og Romsdal* oppheva.